

SOSIAL KOMPETANSE - HOVUDSATSINGSOMRÅDE:

Barnehagen har dei siste åra hatt fokus på Felles Lyft – tidleg innsats. Sist barnehageår vart dette vidareutvikla med eit nytt prosjekt: KUPP (Kompetanseutvikling av pedagogiske prosesser). Dette barnehageåret vil me også ha fokus på sosial kompetanse, ved å implementere prosjektet «Være sammen», som skal gje heile personalet ei kompetanseheving, og der me etter kvart også vil trekkje inn foreldre. Ved å jobbe med dei vaksne, vil dette etter kvart syne i det direkte arbeidet med borna. Me vil at alle som jobbar i barnehagen vert autoritative vaksne, der nøkkelfaktoren er varme og grensestjande vaksne.



«Sosial kompetanse handler om å kunne samhandle positivt med andre i ulike situasjoner. Denne kompetansen uttrykkes og tilegnes av barn i samspill med hverandre og med voksne. Den gjenspeiles i barns evne til å ta initiativ og til å opprettholde vennskap.»
(Rammeplan kap. 2.4 Sosial kompetanse)

Me vil jobbe for at born og vaksne har respekt for kvarandre. Det skal være nulltoleranse for mobbing i barnehagen. Hemsedal kommune har signert på manifest mot mobbing, og dette arbeidet startar allereie i barnehagen. Det er også utarbeida ein felles mobbeplan for alle barnehagane i Hallingdal. I Tuv barnehage jobbar me aktivt for å førebygge mobbing, og ha eit stort fokus på sosial kompetanse. Med utgangspunkt i innspel frå foreldregruppa på foreldremøte i vår, ynskjer me mellom anna at:

- Borna skal lære å bry seg om andre, trøyste, vise omsorg og empati.
- Alle barn vert sett som den dei er
- Barn og vaksne har fokus på kjensler. Alt som vert sagt kan setje spor i andre. Har me ikkje noko hyggeleg å seie, så seier me ingenting!

Barnehagen har fokus på danning og god takt og tone, der me legg vekt på å spørje fint og halde ei positiv tone til både store og små 😊

For å nå desse måla vil me jobbe med leikegrupper, gjennomføre barnesamtaler med dei eldste, og ha eit større fokus på dei usynlege konfliktene.